

Om hundre år er allting gløymt

Den 23. september 1996 er det 100 år sidan Ivar Andreas Aasen døydd på hybelen sin i Kristiania. Denne mannen som har hatt så mykje å seia for målfolk og småkårsfolk og ikkje minst for demokratiseringsprosessen i Noreg, vert feira med brask og bram i år. 1996 er Aasen-året, og det vert markert med små og store tilskipingar over heile landet. For Aasen tilhøyrer heile landet, og ikkje berre vestlandet, slik mange ynskjer å setja det fram.

Som den fyrste store markeringa i Bergen, er det Aasen-konferanse på Det Akademiske Kvarter 26.-28. januar. Innleiarar som Theo Koritzinsky, Kjell Venås, Sigurd Aa.Aarnes, Trond Trosterud og John Hutchinson samlar seg for å heidra målgranskaren og klassereisaren Ivar Aasen. Aasen vart fødd i 1813 på småbruket Aasen i Ørsta. I barneåra gjekk han ti dagar i året på skule, og var deretter gardsdreng hjå broren i fem år. Det var ikkje vanleg for bønder og småbrukarar å vera boklærde på den tida, men i bygda der Aasen vaks opp fanst ein uvanleg tradisjon og interesse for å lesa og læra. Far til Aasen hadde ei bokhylle, og sonen las alt han kom over både der og andre stader. Botanikk og grammatikk var hovudinteressene hans. Ivar Aasen var svært klok og lettært. Det han kunne lærte han seg sjølv, og han kunne mykje. Fleire språk tala han flytande, og systematikken i desse språka var noko av det som opptok han mest. Han var både skulelærer, huslærer og kom sjølv i skule hjå ein prost, men han ville ikkje ta imot pengehjelp for å studera på universitetet. Det ville fjerna han for langt frå den klassen av folk han høyrde til, og nokon borgarleg akademisk ville Aasen ikkje vera.

Eit språk for heile landet

Unionen med Danmark vart oppløyst i 1814, og den våren fekk Noreg sjølvstende, eige parlament og eiga grunnlov. Hausten same året kom Noreg i union med Sverige, men i ein langt meir avgrensa union enn det dansk-norske hopehavet. Stortinget fekk leva, og det tviheldt på sin innverknad over indre tilhøve i landet og fekk ha det meste av styringa. Noreg var på denne tida eit land med intens markeringsvilje mot svenskane. Men var det eit land med eige språk? Den norske eliten nytta dansk skriftspråk og Grunnlova var på dansk. På Stortinget skreiv dei og tala dei vanlegvis dansk. Men kringom i landet tala folk annleis. Fleire prøvde å gjera noko med det. Wergeland skreiv "folkeviser" på dialekt og ville ta inn tilfang frå desse i dansken. P.A. Munch ville ta utgangspunkt i eitt bygdemål, til mindre danskpåverka til betre, og med trådar til gamalnorsk ville han konstruera eit nytt språk.

I 1836 skreiv Aasen stykket "Om vort skriftsprog". Stykket som var på omlag fire sider var eit dristig skrift. Her braut han mello anna med både Wergeland og Munch med å hevda at det norske språket burde vera ei samling av og grunnlagt på alle dei norske målføra. Dette laut skje med at lærde menn med innsyn i allmugespråket vert oppmoda til å samla ord og grammatikalske opplysningar frå heile landet. Desse burde sendast inn til eit selskap der språkkunnege menn sette informasjonen i hop og laga ordbok og grammatikk. Deretter skulle det nye språket ikkje innførast med tvang, men med overtaling. Denne artikkelen vart starten på eit norsk skriftspråk, og dessutan starten på eit livsverk for Aasen. Fem år etter at han skreiv "Om vort skriftsprog" la han til: "Jeg vil forsøge dette Arbeide". Biskop Neumann i Bergen hjelpte Aasen slik at han fekk eit reisestipend.

Aasen drog deretter ut på sine mange studiereiser i heile landet. Desse reisene vart sjølv

I 1856 gav Ivar Aasen ut Norske Ordtak . Eit av ordtaka var "Om hundre år er allting gløymt". Har me gløymt dei viktigaste sakene Ivar Aasen stod for? I år vert Ivar Aasen hylla som diktar og målgranskar. MONA STORMARK og HEGE MYKLEBUST frå Studentmål laget i Bergen meiner det vert lagt for lite vekt på målreisaren og klassereisaren Ivar Aasen.



grunnlaget for det nynorske språket.

I 1847 busette Aasen seg i Kristiania for å laga ordbøker og grammatikkbøker på grunnlag av alle dialektprøvene han hadde samla inn. Frå 1850 fekk Aasen årleg arbeidsstipend frå staten.

I 1853 gav han ut "Prøver af Landsmaalet i Norge" og i 1864 "Norsk Grammatikk".

Dette må vera det største språkarbeidet som er gjort av ein enkelt mann her i landet. Folk frå andre land som til liks med oss har nytta kolonipråket i mange hundre år, ser til dette arbeidet for å finna hjelp til å byggja opp eit eige nasjonalspråk. Då Aasen var ferdig med å samla og byggja opp det norske språket, var resultatet eit landsmål etter rette tydinga av ordet: Eit språk for heile landet. Alle målføra i landet var representerte, og språket kunne nyttast til alle føre-

mål, og av folk frå alle sosiale lag. Språkprosjektet til Aasen fekk såleis form som eit språkpolitisk program, og dette kjem fram i føreordet til "Norsk Grammatik" frå 1864 der han legg fram kvifor han meiner at det norske folket bør ta i bruk sitt eige språk. "At skrive Dansk er egentlig ikke nogen Skam for os, da det ikke er vi, som have begyndt med det; men så burde vi da også tilståe, at det var dansk og ikke norsk". Og Aasen vart fram med dei språkpolitiske idéane sine. Då lærarar oppdaga kor mykje enklare det var å læra elevane å lesa og skriva eit språk som låg nær deira eige talemål både i ordtilfang, stavemåte og syntaks, tok det ikkje lang tid før mange skular nytta landsmålet som opplæringsmål. Mange diktarar, som til dømes A. O. Vinje og Arne Garborg, tykte dei fekk uttrykka seg

betre på det språket som var morsmålet deira, og landsmålet fekk fleire og fleire brukarar. I 1885 kom jamstillingsvedtaket frå Stortinget, som sette landsmålet formelt på same nivå som det dansk-norske bokspråket. I vedtaket vart landsmålet kalla "det norske Folkesprog", og det var som folkespråk det vann fram. Etter som det vart vanlegare med bokleg lærdom blant lekfolk, auka det språkelege medvitet, og landsmålet - etter 1929 kalla nynorsk - fekk aukande oppslutning heilt fram til andre verdskrigen.

I tillegg til å samla ord og systematisera dei, hadde Aasen moro av å samla ordspråk og fyndord. I 1856 kom Norske Ordtak ut, ei samling kloke ord frå heile landet. Eitt av dei var: "Om hundre år er allting gløymt". Ein kan spørja seg om ikkje dette høver litt for bra. Rett nok har me ikkje gløymt Ivar Aasen, Aasen-året vil verta markert over heile landet med tilskipingar av ulike slag. Men har me gløymt dei viktige sakene Aasen stod for? Aasen vert hylla som stor diktar og målgranskar, men målreisaren og klassereisaren Aasen vert lagt mindre vekt på. Det er trygt og uproblematisk å laga kulturtilskipingar og utstillingar rundt feiringa av Aasen-jubileet, på denne måten vert han sett på museum og kan sjåast på som ein historisk person utan innverknad på vår eiga tid. Men Aasen sine tankar og idéar er like aktuelle i dag som den gongen, det er enno langt att før me kan nytta morsmålet vårt i alle samanhengar. Då ordførarane i Ørsta og Volda opna Aasen-året i Hovdebygda la dei vekt på at Ivar Aasen har gjeve mange nordmenn større tru på seg sjølve, på sitt eige språk og på sin eigen kultur. Aasen la grunnsteinen for eit språk og ei rørsle som også idag er eit alternativ i norsk kultur- og språksoge. Me bør nytta dette jubileet til å reisa debatt om vår eigen kultur- og språksituasjon.

Møte med andre kulturar

Nynorsken byggjer på fellestrekkja i norske dialektar. Han er såleis det einaste av dei to skriftmåla våre som har rom for den rike variasjonen av talemål i Noreg. Slik aukar det nynorske skriftmålet vørnaden for folkemålet og legg tilhøva betre til rette for røyntleg demokrati. Nynorsken er vår eigen tradisjon, vår eiga røyst og vårt eige språk slik andre folk har sitt. I denne tradisjonen får me eit godt grunnlag for å møta andre kulturar og noko å gje attende til desse kulturane.

Bokmålet er makta sitt språk, og så lenge det er slik vil val av nynorsk gje problem av ymse slag. Den maktposisjonen bokmålet har, gjer at mange med nynorsknaer dialekt kjenner bokmål som meir heimleg, meir "naturleg" og "rett" enn nynorsk. Dei brukar bokmål fordi det er ein vane, og det finst mange praktiske fordelar ved å gjera det, alt dette i motsetnad til korleis det er å velja og nytta nynorsk. Dette er ei utfordring til målrørsla. Ein treng ein medviten prosess i høve til den store gruppa av dialektbrukarar som eigentleg soknar til nynorsk, men som sjølv identifiserer seg meir med bokmål. Folk som har lært bokmål i skulen, eller nynorsk for den del, oppfattar nynorsk som framandt og vanskeleg, i eit bokmålsdominert samfunn og nærmiljø. Difor har målrørsla framleis ein språkstrid å vinna og diverre er liksesla hjå folk vår fyrste utfordring. I Ivar Aasen-året er det mangel på interesse for språk som rår hjå folk flest. Kanskje kan likevel all mediemerksemda rundt Aasen-året gjera at fleire tek til å nytta nynorsk, slik at ikkje alt er gløymt om hundre år.

KRONIKK

Dei fattige kvite og språkstriden


Fordommar mot nynorsk, liksom fordommar mot kvinner, homofile, farga og jødar, blir reproduerte gjennom frykt, skriv Roger Lockertsen.

I USA har dei uttrykket «the white trash». Ei høvelig norsk omsetning kan vere «dei fattige kvite». Dei fattige kvite er først og fremst fattige i ånda. I USA fryktar dei mest av alt å bli assosierte med dei som står lågare på rangstigen; afro-amerikanarar, innvandrarar og dei arbeidslause. Dei fattige kvite strevar aller mest mot å «søkke ned» mellom dei. Dei fattige kvite er ei samfunnsgruppe som lar seg sirkle inn gjennom ideologisk identitet, haldningar til rase, kjønn og språk. Dei fattige kvite har makt på grunn av frykt. Dei er sjølve offer for frykt, men dei er òg dei viktigaste spreiarane av frykt, angst og redsle i samfunnslivet. Dei fattige kvite si frykt er òg politikk.

Redsla for å vere «bonat»

Omgrepet husmannsånd har her til lands vore nytta om dei fattige kvite, men det omgrepet er utilstrekkelig og høyrer fortida til. Uttrykk som dei fattigfornemme og bytullingar er òg utilstrekkelege omgrep. Dei fattige kvite i Noreg bur i byar eller bygdebyar og kjem sjølve frå landet, eller foreldra deira gjer det. Redsla for å vere «bonat» er såleis noko dei fattige kvite fryktar aller mest. Omgrepet «bonat» finst i alle byar frå og med Trondheim og nordover. Sønnafeils er det tilsvarande omgrepet «bondsk», «stril», «bønda», «døl» og andre uttrykk. I norsk film ser vi tydeleg korleis forakt og angst for landsbygda kjem fram. Moderne, urbane film-irar klarer derimot å skildre irsk landsbygd med sympatisk kjærleik – og med ironi, som ikkje tyt over av angst. Generelt sett er det slik at mobbinga av bygdene her i landet ikkje kan fungere utan å spele på lag med dei fattige kvite.

Dei fattige kvite er meir og meir blitt definerte som ei viktig målgruppa for media. Dermed set dei i stor monn standarden der. Dei siste åra har såleis òg ordet urban fått ei anna tyding. Tidlegare var ein urban person ein versatil person – det vil seie ein velorientert i både yrke, samfunnsforhold og ein som har åndsintesser. Ein urban person skal vere velseda, danna og kultivert og seier såleis aldri om seg sjølv at ho eller han er det. Men i norske media er ein urban person i dag ein fattig kvit som ttil dømes tingar cappuccino etter eit restaurantmåltid i staden for espresso.



Altså ein barbar etter fransk og italiensk skikk, men urban etter norske media.

Vulgærargumentasjon

Dei ulike sidene ved dei fattige kvite kjem ekstra godt fram i den norske språkstriden. Usakleg vulgærargumentasjon er det viktigaste verketmidlet for dei fattige kvite. I kampen mot nynorsk er ein velkjend hetsvariant vaset om nynorsk som fjøsmål, grautmål, vestlandsmål og bondemål. Andre gonger seier dei fattige kvite det motsette: Nynorsken er bare for høgt utdanna akademikarar.

Nylyt uttalte leiaren for skolestyringa i Stavanger kommune, Ellen Solheim – som er utmeld av Høgre – at foreldra vel å la borna gå i nynorskklasse i Stavanger fordi dei ikkje vil ha borna i klassar med innvandrarar. To veker før hadde derimot kurda Ahmed Boskil i Stavanger forklart til NRK korfor han støtta striden for nynorsk i Noreg, og korfor sonen gikk i nynorskklasse. Om det dei seier er sant eller usant, er ikkje avgjerande for dei fattige kvite.

Det er ikkje så greitt å hets nynorsken for å vere eit vestlandsmål når du sjølv bur i ein by på Vestlandet. I Stavanger er det redsla for «fjos» og «rånar» som er nynorskhet. Fordommar mot nynorsk, liksom fordommar mot kvinner, homofile, farga og jødar blir reproduerte gjennom

frykt. Anne-Berith Råbu har fått dette godt fram i hovudoppgåva si, *To ulike norskfag*, som handlar om språkhaldningar mellom ungdom i Stavanger. Der seier ein gut i ungdomsskolen som blei intervjuva av Råbu: «De andre sa jeg burde si stygge ting om nynorsk til deg. De andre hadde nok vært mer negative enn meg. Jeg sier det jeg mener nå, men ... Jeg hadde vel ikke..., jeg hadde nok ikke sagt dette på skolen.»

Frykt for represalier imot den som er positiv til nynorsk, er eit trugsmål som dei fattige kvite sørger for å halde i live. Det er denne frykta som skapar haldningane imot nynorsk som sidemål – og som visse politiske parti deretter lagar politikk på.

Bokmålsforeningen

Bokmålsforeningen i Bergen er i dag det klaraste organisatoriske uttrykket for dei fattige kvite i språkstriden. Dei følgjer godt med i pressa over heile landet og finn straks fram til likesinna som dei forar med forslag til slag under beltestaden, og som dei hjelper med å spreie kvit frykt i lokale målstridar. Leiaren i Bokmålsforeningen, Steinar Øksengård, er ein utmeld Frp-ar i Bergen. For Bokmålsforeningen har Framstegspartiet aldri vore ekstremt nok i språkstriden. Frp og Riksmålsforbundet sin langsiktige strategi med å undergrave nynorsk med ein politikk for «val-

fritt» sidemål, synest Bokmålsforeningen det er lite fult i. Det synest òg den materielt sett velutrusta Bergens Riksmålsforening som dei samarbeider med.

Steinar Øksengård sa i NRK i fjor at det var Bokmålsforeningen som fikk Høgre-folk i kommunestyringa i Tromsø til å presse gjennom vedtak om å skifte vegskilta i byen frå bokmålsforma «veg» til riksmålsforma «vei». Nylyt fikk dei Fyllingsdalen bydelsutval i Bergen til å vedta at namn som «Straumevegen» skulle skiftast ut med «Strømmeveien» i bydelen. Nei til strilemålet, synest vere parolen.

I debatten om veg eller vei i Tromsø skreiv ein innsendar gong etter gong i avisene at forma veg var innført i bokmål under krigen av nazistane. Ingen faktiske falsifiseringar av denne påstanden hjelper, for med jamne mellomrom skriv han og tar han opp att. På tilsvarande vis er det andre som gjentar og gjentar at 1/3 av norsktimane i den vidaregåande skolen blir brukt til «bortkasta» sidemålsundervisning. Det seier dei trass i at elevar som klagar over sidemålsundervisninga, seier at dei ikkje får undervisning i nynorsk i det heile tatt. Men la oss ikkje gløyme: Om det dei seier er sant eller usant, er ikkje avgjerande for dei fattige kvite.

I tilfelle der det er samanfall mellom talemål og bokmål, er dialektane viktige for dei fattige kvite. I Tromsø klarte dei

til og med å få universitetsutdanna SV-arar i kommunestyringa med på trikset om nærheit til talemålet. Ein konsekvens skulle sjølvsagt vere at all skilting i byen skulle følgje dialekten. Men det gjer ingen SV-ar framlegg om. Initiativet er overlatt til dei fattige kvite. Dei er nemlig alltid reaksjonære på populistmåten. Dei fattige kvite kan ikkje knytast til bare eitt parti, men dei fleste stemmer enten Frp eller DNA (ofte kallar dei det Arbeidspartiet), somme også Høgre.

Fryktregime

Dei fattige kvite har eit fryktregime i norsk språkstrid som opererer på fleire nivå. Det finst såleis foreldre som har ønskt å velje nynorsk for borna, men som ikkje gjer det likevel. Tanter og besteforeldre og vennar legg press på foreldra. Dei må ikkje skjemma ut familien eller vennskapet med å velje noko som andre ikkje liker! Folk som er særers vare for denne forma for sosial terrorisme, bøyer då av og lar eige barn få ein dårligare skolestart.

I skolemålsrøystingar kjem det ekstra tydelig fram at dei fattige kvite alltid er ute etter å få hemn. Kunnskap og lærdom er tull, meiner dei. Dei stemmer i og for seg ikkje for bokmål i skolemålsrøystingane, men først og fremst imot nynorsk. Røystingar om skolemålet er eitt av dei få områda der det direkte demokratiet til ein viss grad gjeld. Der og bare der er det ein sjanse til å stemme imot i alle fall eitt av dei mange faga som dei fattige kvite ikkje gjorde det godt i på skolen.

Nærleiken til rasismen er openbert i mange debattinnlegg i avisene imot nynorsk og sidemål. Det ser ein klarare ved å byte ut orda sidemål eller nynorsk i slike innlegg med orda neger eller jøde. Dei fattige kvite trivst aller best når dei i sidemålsundervisninga i skolen kan flire ut ord og former i nynorsk som finst att i bygdemåla rundt byen, og der bymålet har ord og former som samsvarer med bokmål. Då kjenner dei fattige kvite seg sjølvtrygge.

Dei fattige kvite styrer òg indirekte. Folk som sjølve er tolerante overfor nynorsk, veit nemlig at dei fattige kvite ikkje er det. Derfor tør somme tolerante folk ikkje anna enn å vere feige og vere imot nynorsk. Dermed er den vonde sirkelen slutta, og det må sterke krefter til for å bryte den ringen. Den krafta skal Noregs Mållag vere. I språkpolitikken her til lands har dei fattige kvite ikkje blitt tatt alvorlig nok av målløket. Men ikkje sjeldan er det dei, eller den frykta dei klarer å skape, som avgjer ei stridsak.

Roger Lockertsen